



Statens vegvesen

Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS
Postboks 103
5649 EIKELANDSOSEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Unn Jenny Utne Kvam /
55516243

Vår referanse:
16/23604-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
16.02.2016

Dispensasjon frå byggegrense – oppføring av nybygg – Sagstadvegen 5 – gnr. 18 bnr. 13 – Meland kommune

Vi viser til søknad motteken 11.02.2016. Saka gjeld søknad om oppføring av ny bustad. Eksisterande bustad skal fjernast i samband med brannøving.

Vedtak:

Med heimel i veglova §§ 29 og 30 gir Statens vegvesen dispensasjon frå byggegrensa langs fylkesveg 244 Sagstadvegen (hp 1 v/ km 2,613) for oppføring av ny bustad på eigedomen.

Vilkår for dispensasjonen:

Statens vegvesen har etter ei samla vurdering funne å kunne gi dispensasjon frå byggegrense på fylgjande vilkår:

Minste avstand frå bygning (medrekna takutspring) til senterline køyreveg må vere 30 meter.



Utsnitt frå situasjonsplan som følgde søknad. Planen viser 30 m avstand frå vegmidte til nytt bygg.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Tiltakshavar må sjølv syte for naudsynte tiltak med omsyn til skjerming mot støv/støy frå vegen slik at grenseverdiane i Miljøverndepartementet sitt rundskriv T-1442 tilfredsstillast. Slike tiltak må handsamast som ein del av byggesaka i kommunen.

Dersom tiltaket vil føre til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigendomen, må det framleis vere opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigen eigedom for å unngå rygging ut på offentleg veg.

Bygningen(e) og arealet må ikkje takast i bruk til andre føremål enn det som framgår fram av vilkåra i denne dispensasjonen.

Dispensasjonen inneber at det seinare ikkje kan gjerast gjeldande krav på erstatning for skadar og ulemper som eventuelt blir påført bygningen/tiltaket på grunn av nærleiken til fylkesvegen.

Arbeidet må vere starta opp innan tre – 3 – år frå dispensasjonen er gitt, elles fell dispensasjonen bort.

Det er eit vilkår for dispensasjonen at det blir gitt naudsynt godkjenning frå kommunen.

Bakgrunn for vedtaket:

Byggegrenser skal ivareta omsynet til trafikktrygging, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved eventuell utviding av vegen, og miljøet langs vegen. Statens vegvesen kan ikkje sjå at omsøkt tiltak vil kome i konflikt med desse omsyna.

Omsøkt avstand til fylkesvegen er i samsvar med føringa om 30 meter byggegrense langs fv 244 i *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest 2013–2016*.

Rett til å klage:

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak og kan påklagast, jamfør forvaltningslova §§ 28–36. Klagefristen er tre – 3 – veker frå du fekk dette vedtaket. Klageinstans er Hordaland fylkeskommune. Ein eventuell klage skal sendast til Statens vegvesen som sender over saka til klageinstansen.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Odd Høydalsvik
sjefingeniør

Unn Jenny Utne Kvam

Kopi
Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet) Statens vegvesen Region vest Askedalen 4 6863 LEIKANGER	Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje leddet)
(3) Mottakar (namn og adresse) Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS Postboks 103 5649 EIKELANDSOSEN	(2) Dato 16.02.2016 (4) Klageinstans Hordaland fylkeskommune
<p>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.</p> <p>Klagerett De har rett til å klage på vedtaket.</p> <p>Kven kan De klage til? Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).</p> <p>Klagefrist Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.</p> <p>Rett til å krevje grunngeving Dersom De meiner at vi ikkje har grunngeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngevinga.</p> <p>Innhaldet i klaga De må presisere – kva for eit vedtak De klagar på – årsaka til at De klagar – den eller dei endringar De ønskjer – eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga Klaga må underskrivast.</p> <p>Utsetjing av gjennomføring av vedtaket Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.</p> <p>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.</p> <p>Kostnadene med klagesaka De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.</p> <p>Klage til Sivilombodsmannen Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.</p>	
Særlege opplysningar	